



Vest-Telemark Kraftlag AS vart stifta i 1940 og er eigd av Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Selskapet driv med produksjon, omsetning, nett og breiband. Talet på årsverk er om lag 60. Produksjonen er organisert gjennom Skafså Kraftverk ANS (67%), Sundsbarm Kraftverk DA (8,5%) og Grunnåi Kraftverk AS (15%) på 240 GWh. Nettavdelinga har ei inntektsramme på 100 mill.kr., 14000 nettkundar og eit omfattande nett; – 7 trafostasjonar, 3000 km med linje/kabel (0,23 – 66 kV) og 940 netstasjonar. Nettet har ei lokal avdeling i Treungen i Nissedal kommune.

Hovudkontoret er i Høydalsmo i Tokke kommune. Høydalsmo ligg ved E134 sentralt i Vest-Telemark og har gode forhold for idrett og friluftsliv heile året. Bygda har ungdomsskule og berre 20 km til vidaregåande skule.

Ved hovudkontoret i Høydalsmo er det ledig stilling som

Automatiker-Energiingeniør

Arbeidet omfattar planlegging, bygging og drift av kraftlagets nettanlegg, VTK ynskjer kompetanse som høver for arbeid med:

- Scada system (ABB Compass)
- NIS/GIS (OpenNis)
- Fjernstyring med RTU frå ABB, Nortroll, Netcontrol
- Fibernett
- Driftsradio Motorola MotoTRBO (DMR)
- AMS prosjekt (automatiske straum målarar) AIDON

Stillinga inngår i ein ingeniørstab på 5-6 personar som alle rapporterer til nettsjefen. Ein må rekne med å bli pålagt deltaking i vaktordning som overordna vakt. Nødvendig opplæring vil bli gjeve.

Søklarar bør minst ha 3-årig elektroteknisk ingeniørutdanning. Stillinga har stor grad av kunde- og grunneigarkontakt. Gode evner til å uttrykke seg munnleg og skriftleg vil difor bli vektlagt.

Løn etter nærare avtale. VTK har eiga pensjonskasse med vilkår som i andre offentlege ordningar. Einebustad kan bli stilt til disposisjon. Verksemda disponerer fleire personalhytter. Oppstartsdato etter nærare avtale.

Spørsmål om stillinga kan rettast til adm.direktør Ketil Kvaale (tlf. 350 75 720) eller nettsjef Gunnar Snarteland (tlf. 350 75 738). Annonse ligg også på **www.vtk.no**.

Søknad med CV og kopi av dei viktigaste vitnemål/attestar vert å sende pr. e-post til firmapost@vtk.no.

Søknadsfrist: 20. juni 2017